



Telefon : 90 68 01 00
Adresse: Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES
Org.nr: 985 868 344 mva

DYRKOLBOTN FJELLSTOVE Leirskole og gjestehus

Epost: post@dyrkolbotn.com

Lindås kommune

Dykkar sak 15/3858 – 17/31830

Vikanes, 30.11.2017

KLAGE.

Gjeld vedtak datert 07.11.2017 om endra avkjørsle frå gbnr 247/10 (frå teknsik drift) og vilkår nr 2 og 4 i vedtak datert 13.11.2017 om Løyve til endring av rammeløyve i byggesak

Den 21.09.2017 søkte vi om nokre endringar i rammeløyvet for personalbustaden til Dyrkolbotn Fjellstove. Herunder søkte vi om å få nytte eksisterande avkjørsle frå kommunal veg til Dyrkolbotn Fjellstove for nyebygget, i staden for å lage ei eiga avkjørsle, slik vi tidlegare har fått godkjent.

I vedtak datert 07.11.2017 har kommunen teikna inn og vedteke ei endring i eksisterande avkjørsle som ikkje vil fungere for Dyrkolbotn Fjellstove. Dette er gjort utan å konferere med søkjar.

Den avkjørsla som kommunen har vedteke vil ikkje fungere av tekniske og driftsmessige årsaker:

1. Avkøyvinga er snevra inn slik at det vert vanskelegare å fjerne snø (Her er iblant 3 meter), og det vert vanskeleg å oppretthalde siktelinja . Bemerk at den einaste måten å oppretthalde siktelinja på når snøen er 3 meter høg, er at sjølve avkøyvinga er vid. Allereide no må traktoren køyre oppå svaberg og utafør vegen for å utvide avkjørsla/siktelinja når her er mykje snø. Så avkjørsla er ikkje for vid, den er i periodar for trang.
2. Ny vedteken avkjørsle vil gjere det vanskeleg/uråd å snu i krysset for bussar, bossbil og andre store køyretøy som ikkje tør å køyre heilt opp til Fjellstova i dårleg vær. Bemerk at i store utfartshelger er det ofte fullt på kommunen sin snuplass ved vatnet, slik at alternativet då vert å rygga meir enn 900 meter ned att til E39. Det kan vere farleg, baklengs på glatten.
3. Krysset inne på privat eigedom er lagt i for bratt helling, og er for trangt. Same innvendingar som i pkt 1 og 2, i tillegg til at køyretøy kan skli sidelengs.
4. Krysset inne på privat grunn er teikna inn slik at det store vegrøyret under vegen som geitene brukar for å komme seg inn på støylen når dei skal mjølkast, og når dei vil i ly for regnet, må fjernast. Kryssing over vegen for geitene vil medføre stor skade både driftsmessig, for trafikken, og med omsyn til dyrevelferd (Geiter tåler regn mykje dårlegare enn til dømes sauer, og bør få søke ly under tak på støylen når dei vil sjølv)

Eg tenkjer at punkt 1-4 ovanfor ikkje var så lett å lese ut av kartet for sakshandsamaren på vegavdelinga. ***Vi imøterer ei synfaring, og håpar på ei god løysing*** for framtidig avkøyving frå Fjellstova, og for vår nye personalbustad inkl. ny resepsjon, varmestove og nokre utleigerom. Her er ikkje mykje trafikk, men vi treng romslegare vegløyvingar enn andre stader pga. snøen.

*Signhild Dyrkolbotn/s
Eigar og tiltakshavar*